

Fra: Silvia Tofte (silvia@naeringservice.no)

Sendt: 18.11.2014 17:44:07

Til: Fylkesordfører

Kopi: 'Liv Kari Eskeland'; 'Synnøve Solbakken'; 'Stord Næringsråd'; 'Heimvik Magne'

Emne: Ranavik-Skjersholmane. Invitasjon til møte 02.12.14

Vedlegg:

Invitasjon til møte 2.desember kl.16.45 hjå SKL på Stord vedr. ferjesambandet Ranavik-Skjersholmane

Stord kommune, Kvinnherad kommune, Stord Næringsråd og Kvinnherad Næringservice ynskjer å invitera Hordaland fylkeskommune v/fylkesordfører Tom-Christer Nilsen og representantar frå Skysst til eit møte for å følgja opp saka om ferjesambandet Ranavik-Skjersholmane.

Frå 16.oktober til 12.november har det vore 16 driftsmeldingar og fleire periodar kor det i 2-3 dagar berre har vore ei ferje i drift. Dette skapar store vanskar for lokalt næringsliv og det er beklageleg at det ferjesambandet som ved kvar måling har hatt ei auke i trafikken vert råka på denne måten. Slik me ser det manglar Norled ekstra ferjemateriell til å kunne setje inn i andre samband når det oppstår problemar og at det då ofte er Ranavik-Skjersholmane som vert råka av dette, og dermed mistar ferje 2. Då dette sambandet er svært viktig for regionen ynskjer me å invitera til dette møtet for å finna gode løysningar for resten av driftsperioden.

Konsernsjef i SKL, Magne Heimvik, deltek også på møtet. Me legg til grunn at fylkesordfører inviterer med seg dei som er relevant for gjennomføring av eit konstruktivt møte.

Sjå gjerne uttalelsar frå André Utåker i avisartikkelen under:

<http://www.kvinnheringen.no/nyhende/article7688457.ece>

Venleg helsing

Ordfører Synnøve Solbakken, ordfører Liv Kari Eskeland, Anne-Grete Sandtorv og Silvia Tofte